



Magne Huglen og Kjell Yri - politikarar som var på strandsonemøtet

Under møtet i Gamleskulen i kveld om strandsoneneplanen som no skal utarbeidast var samla innspel frå bygda eit hovudpoeng. Planleggjar Kjartan Thoresen i kommunen streka under dette, som også har vore ein viktig grunn til at Åkra har vorte eit føredøme på området. Det skal med det fyrste setjast ned ei gruppe for Uskedalen som skal leggja fram ei felles uttale.



Kjartan Thoresen orienterte, her framfor panoramabilete av bygda

Thoresen berømna arrangøren Uskedalen Utvikling sitt Dialogforum for at det hadde invitert kommunen og ikkje omvendt. Kvinnherad ligg dårleg an med planleggjinga, men det gjeld ikkje i så stor grad Uskedalen som fekk gjeldande kommunedelplan i 2003.

- At alle får tilgang til sjøen ein stad er ein hovudutfordring, understreka Thoresen. Førebels er det laga eit planprogram som etter kvart skal fyllast med elementer.

Kjell Yri frå Venstre kom med forslag om at det vert operert med 3 kategoriar i utbyggingsaker, med varierende strengheit. Som døme på ein stad der det er grunn til å opne for utbygging peika han på Nautanaset på Skorpo. Thoresen minna om synet til noverandre fylkesmann, som er imot naust i store prosjekt.

Leiar av UU Kristian Olav Bringedal kritiserte dei han kalla skrotrnissane for å skjemma eit flott visuelt inntrykk av Uskedalen, noko han meinte er viktigast av alt. Han var elles for ein mest mogeleg ope prosess.

Magne Huglen frå Arbeidarpartiet hadde krtiske merknadar mot plassering av nausta tildels langt uti sjøen i staden for det som var vanleg før.

Møtet var også innom skuleutbygginga og viserektor Odd Steinar Arnesen gav uttrykk for ein viss bekymring over planprosessen, ikkje minst byggjestart i oktober. Kjell Yri heldt fram at det var for å få ein samanhengjande byggjing. Han var i det heile ikkje bekymra for framdrifta, Men etter forslag frå UU-leiaren vart konklusjonen at det skal innkallast til nytt møte med dei ansvarlege i kommunen.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen